

Det kongelige kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
2008000332-9 2008003334

Arkivkode:  
A20

Dato:  
05.03.2008

## UTVIDA TIMETAL I SMÅSKULEN 2008 - HØYRING

Me viser til Dykkar brev av 04.02.08.


Levekårsutvalet i Suldal handsama dette i møtet 04.02.08 og gjorde slikt vedtak:

1. Timetalet for faga utanom norsk, matematikk og engelsk bør ikkje splittast mellom 1.-4. trinn og 5.-7. trinn. Dette for å oppretthalde den fleksibiliteten ein har i dag med å kunne flytte timar mellom desse hovudtrinna. Dette er viktig for Suldal kommune som har mange små og fådelt skular.
2. Forslaget har i aller høgste grad store økonomiske konsekvensar som ikkje er synleggjort. Dette dreier seg i første rekkje om utgifter til skyss, men kan også dreie seg om utgifter til gratis tilbud og auka bemanning i SFO.

Kopi av innstilling og vedtak ligg ved.

Med helsing

Tone Mari Sand  
Leiar i levekårsutvalet

  
Rasmus Owe  
Leiar for politisk sekretariat

# SULDAL KOMMUNE

## Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
010/08	Levekårsutvalet	04.03.2008

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
A20	Eva Songe Paulsen	2008000332 2008002149

### UTVIDA TIMETALL I SMÅSKULEN 2008 - HØYRING

#### Forslag til vedtak:

1. Timetalet for faga utanom norsk, matematikk og engelsk bør ikkje splittast mellom 1.-4. trinn og 5.-7. trinn. Dette for å oppretthalde den fleksibiliteten ein har i dag med å kunne flytte timar mellom desse hovudtrinna. Dette er viktig for Suldal kommune som har mange små skular.
2. Forslaget har i aller høgste grad store økonomiske konsekvensar som ikkje er synleggjort. Dette dreier seg i første rekkje om utgifter til skyss, men kan også dreie seg om utgifter til gratis tilbod og auka bemanning i SFO.

#### 04.03.2008 LEVEKÅRSUTVALET

Tone Mari Sand sette fram forslag om endring av punkt 1 i innstillinga

1. Timetalet for faga utanom norsk, matematikk og engelsk bør ikkje splittast mellom 1.-4. trinn og 5.-7. trinn. Dette for å oppretthalde den fleksibiliteten ein har i dag med å kunne flytte timar mellom desse hovudtrinna. Dette er viktig for Suldal kommune som har mange små og fådelte skular.

Innstillinga med endringsforslaget frå Tone Mari Sand vart samrøystes vedteke.

#### LEV-010/08 VEDTAK:

1. Timetalet for faga utanom norsk, matematikk og engelsk bør ikkje splittast mellom 1.-4. trinn og 5.-7. trinn. Dette for å oppretthalde den fleksibiliteten ein har i dag med å kunne flytte timar mellom desse hovudtrinna. Dette er viktig for Suldal kommune som har mange små og fådelte skular.
2. Forslaget har i aller høgste grad store økonomiske konsekvensar som ikkje er synleggjort. Dette dreier seg i første rekkje om utgifter til skyss, men kan også dreie seg om utgifter til gratis tilbod og auka bemanning i SFO.

Sand, 18.02.2008

Nils I. Korsvoll  
rådmann

Torbjørn Guggedal  
stabssjef

## Dokumentliste:

### Samandrag:

Regjeringa har vedtatt å auke timetallet på barnetrinnet med 5 veketimar à 60 minutt på 1. – 4. trinn, fordelt med to timar i norsk, to timar i matematikk og ein time i engelsk. Timetalsauken skal gjelde frå hausten 2008. Staten løyver 270 mill. kroner til dette gjennom rammetilskotet til kommunane. Forslag til endra fag- og timefordeling er sendt på høyring med frist 4. april. Departementet ber særleg om tilbakemelding på oppsplitting av timetalet mellom 1.-4. og 5.-7. trinn, samt om forslaget har organisatoriske og økonomiske konsekvensar som ikkje er synleggjort.

### Fakta:

Intensjonen med auke i timetalet er

- auka kvalitet og læringstrykk
- tidleg utvikling av grunnleggjande dugleikar
- auka høve for tilpassa opplæring
- sosial utjamning
- redusert behov for SFO

Fag- og timefordeling i grunnskulen er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Tabellen under visar noverande fordeling (60-min. einingar) av faga norsk, matematikk og engelsk med tilhøyrande minstetimetall fordelt på barnetrinn (1. – 7. trinn) og ungdomstrinn (8. – 10. trinn), samt totalt timetal fordelt på dei same hovudtrinna.

Fag	1. – 7. trinn	8. – 10. trinn	Sum
Norsk	1296	398	1694
Matematikk	812	313	1125
Engelsk	328	227	555
Sum for alle faga	4930	2566	7496

Utvida timetall med to veketimar norsk, to veketimar matematikk og ein veketime engelsk gir denne fordelinga med 190 t auke totalt:

Fag	1. – 7. trinn	8. – 10. trinn	Sum
Norsk	1372	398	1770
Matematikk	888	313	1201
Engelsk	366	227	593
Sum for alle faga	5120	2566	7686

Konsekvensen av at utvidinga er lagt til 1. – 4. trinn, er at ein må splitte timetalet i ein timebolck for 1. – 4. trinn og ein for 5. – 7. trinn for desse faga. Dette vil også medføre at det ikkje vil vere lov å flytte timar i norsk, matematikk og engelsk mellom 1.-4. trinn og 5. – 7. trinn, slik ein kan i dag.

Departementet vil gjerne ha synspunkt på om det også bør splittast opp for dei andre faga (slik det var før), eller om det bare bør gjelde for norsk, matematikk og engelsk. Forslag til oppsplitta timefordeling i norsk, matematikk og engelsk byggjer på tidlegare prosentvise fordeling mellom barnetrinn og mellomtrinn, og er foreslått slik:

Fag	1. – 4. trinn	5. – 7. trinn	Sum barnetrinnet
Norsk	855 + 76 = 931	441	1372
Matematikk	484 + 76 = 560	328	888
Engelsk	100 + 38 = 138	228	366

Departementet ønskjer spesielt ei vurdering på desse spørsmåla:

- Har vedtatt timetalsutviding administrative/organisatoriske konsekvensar som ikkje er synleggjort?
- Bør det gjerast ei oppsplitting av timane på årstrinna 1 – 4 og 5 – 7 i alle fag på barnetrinnet?

#### **Lover, føresegnar, rundskriv:**

Innføring av Kunnskapsløftet . Om fag- og timefordeling i grunnsopplæringa, tilbudsstrukturen m.m. Rundskriv F-12/2006 N

St.prp. nr 1 (2008-2009)

Reglement for skyss av elever som får opplæring i grunnskolen. Rogaland fylkeskommune 2004.

#### **Innkomne uttalar:**

Det ligg føre tilbakemelding på korleis skulen tenkjer å organisere dei ekstra timane frå alle skulane. Nokre av skulane har hatt temaet oppe i foreldrearbeidsutvalet (FAU) og samarbeidsutvalet (SU), mens andre framleis er meir på skissestadiet.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rektorkollegiet har drøfta om det bør vere likt for alle skulane i kommunen kva trinn timane skal liggje på, og om det skal organiserast på same måten. Konklusjonen deira var at det er vanskeleg for skulane å organisere dette likt, då skulane har ulike problemstillingar med omsyn til skyss, som til dømes tilpassing til ferje- og hurtigbåtruter som nokon skular må ta omsyn til.

Dei fleste skulane i Suldal er fådelte. Slik som timetalsfordelinga er no, er det høve til å flytte timar i dei ulike faga mellom 1.-4- trinn og 5.-7. trinn. Dette gir ein grei fleksibilitet når ulike alderstrinn går saman. Dersom timetalet skal splittast opp mellom desse hovudtrinna, vil denne fleksibiliteten falle bort, noko som vil vere uheldig for dei små skulane.

Pedagogisk sett er det ønskjeleg at skuledagane blir organisert slik at dei ikkje blir for lange, då slitne og trøytte elevar lærer mindre. Sett frå foreldra sitt synspunkt, er det mange som har vore nøgde med at dei små elevane har fri ein dag i veka, då det gir eit pusterom for ungane og meir tid i lag med foreldra for dei som vel å vere heime. Med dei ekstra timane som no blir lagt til, vil ein ikkje kunne halde fram med ein fast fridag i veka.

Dersom elevane skal gå kvar dag på skulen, og det er ønskjeleg med ikkje alt for lange dagar, så hadde det vore best å sende elevane heim tidlegare på dagen dei dagane det er nødvendig.

Alle dei sju skulane i Suldal kommune har elevar som må ha skyss. Fleire av skulane er avhengig av ferje- og hurtigbåtruter. Når det no blir lagt til fem timar ekstra på 1. – 4. trinn, så medfører det eit puslespill som skal gå opp av timar, lange og korte dagar, friminutt, avspasering av for mykje gått tid, skyss med buss, ferje og båt, og SFO-tilbod som må tilpassast. Kva organisering skulen velgjer, får også konsekvensar for foreldra både når det gjeld tid og økonomi.

Med ordningar med avspasering i form av einskilde fridagar innimellom, får foreldra meir å halde orden på i ein hektisk kvardag, og det får økonomiske konsekvensar for dei foreldra som er avhengig av å nytte SFO når barna har fri.

I Suldal som i mange andre kommunar, er det ein del familiar som flyttar mellom grendene eller inn og ut av kommunen. Når den einskilde skule i kommunen må finne løysingar innanfor sine rammer, vil det alt etter kva løysing skulane vel, kunne føre til at det blir ulik kvalitet på tilbodet mellom skular i kommunen. Det er likevel grunn til å tru at desse skilnadene ikkje blir større enn dei skilnadene og særprega ein lever med allereie i dag.

Auke i timetalet vil medføre auka kostnader til skyss. Ideelt sett ville det beste pedagogiske tilbodet til elevar på 1. – 4. trinn vere å gå kvar dag på skulen med så korte dagar som mogeleg. Signala som kjem frå skulane, er at det vil vere teneleg å leggje opp til ein dag med midtskyss. For ein skule ligg dette på ca 100 000,- i ekstra kostnad, dvs at ein truleg må rekne med 5 - 700 000,- i ekstra utgifter. Desse utgiftene må kommunen sjølv dekkje då fylkeskommunen ikkje dekkjer utgifter til midtskyss.

For nokre skular kan det måtte bli ei løysing å tilby gratis SFO for dei elevane som må vente på skyss. Dette kan igjen medføre at ein må inn med auka bemanning i SFO.

Eksakt beløp for utgifter for hausten 2008 vil ein måtte komme tilbake til i halvårsrapport eller tertialrapport, og for 2009 i budsjettprosessen.

Ut frå denne vurderinga er konklusjonen følgjande:

Timetalet for faga utanom norsk, matematikk og engelsk bør ikkje splittast mellom 1.-4. trinn og 5.-7. trinn. Dette for å oppretthalde den fleksibiliteten ein har i dag med å kunne flytte timar mellom desse hovudtrinna. Dette er viktig for Suldal kommune som har mange små skular.

Forslaget har i aller høgste grad store økonomiske konsekvensar som ikkje er synleggjort. Dette dreier seg i første rekkje om utgifter til skyss, men kan også dreie seg om utgifter til gratis tilbod og auka bemanning i SFO.